

SANDSØY IL

Årsmelding frå trimgruppa 2009

I 2009 har trimgruppa som ei prøveordning bestått av 10 medlemmer. Dette er for mange å forhalde seg til, og talet på medlemmer skal reduserast neste år.

Vi har som vanleg tatt oss av oppmerking og oppfølging av trimløyper og **trimbøker**. Vi har brukt dei same 8 postane som tidlegare år, og fleire av bøkene har vore godt besøkt. I år har vi premiar til dei 8 med mest poeng på kvar topp, pluss premie til den trimmaren med mest poeng og samtidig har vore på alle toppane. I tillegg får alle barn fødd 1994 og tidlegare ein statuett, dersom dei har vore på alle toppane.

Her er vinnarane på kvar topp:

Kletten:	Petter Toftesund	337
Rinden:	Anders Bringsvor	42
Kleiveneset:	Anders Bringsvor	40
Dollsteinen:	Lisbeth Helland	26
Grøntua:	Anders Bringsvor	45
Hellandsvågane:	Heidi Våge	80
Voksahaugen:	Monika Flatøy	188
Trollhola:	Philippa van Iwaarden	10

Poengtoppen samanlagt ser slik ut:

1. Anders Bringsvor 482 poeng
2. Torstein Helland 261 poeng
3. Eirik V. Bringsvor 232 poeng

7-topps-turen og marsjen på langfredag har no blitt ein tradisjon, og i 2009 vart arrangementet gjennomført med det hittil største talet på deltakarar. Vi fekk gode tilbakemeldingar om løypa, men også gode tips om nokre småting som kan gjerast betre til neste gong.

Dei 3 beste av dei 12 som sprang 7-topps-turen på tid vart:

1	Joar Moldskred	Dimna	1.42.50
2	Ingar Støyle Bringsvor	Sandshamn	1.55.00
3	Sigbjørn Emblem	Åram	1.55.40

Fullstendige resultat frå trimbøkene og 7-topps-turen blir lagt ut på Sandsøy-sida på nettet.

Tor Arne Bringsvor
Bjørn Baade
Jan Bugge
Kjell Borger Østlund
Janicke Bringsvor
Inge Skare
Solgunn Våge
Laila V. Bringsvor
Jan Håkon Støyle
Vebjørn Strømsnes